

Innleiing og forklaring til oppsettet

Føremålet med arbeidet

Føremålet med denne undersøkinga har vore å finne ut (1) kva namn Inge Krokann brukar på plantar og dyr i Dovresno-bøkene, (2) kor ofte dei ulike namna blir bruka – medrekna samansetjingar, og (3) kva side(r) namn og ord finst på slik at dei kan finnast att i tekst-samanhengen. I tillegg er mange ord med tilknytning til namna registrerte (gjeld særleg plantedelar, produkt og habitat innan botanikk).

Kva Dovresno-bøkene er

Dei fem eigentlege Dovresno-bøkene kom ut frå 1929 til 1941; til saman utgjer dei eit større verk på 1400 sider i førsteutgåvene. Hovudpersonane eig og lever på garden og skysstasjonen Lo i Drivdalen, Oppdal. Den historiske handlinga går føre seg frå 1449 til 1591, i overgangen frå millomalder til nytid (Foss 1993: 98), og spenner over åtte generasjonar. Gjennomgangste-maet er striden millom fjellbøndene og det nye fram-andstyret representert ved ”herrane”: futar, lagmenn og prestar, og i bakgrunnen kongen i Kjøpenhamn. I 1952 kom ei sjettede bok om ein av etterkomarane i Losslekta; hovudhandlinga der går føre seg tri generasjonar etter førre boka, i tida frå ca. 1650 til 1700 (Nilsen 2007), og har laus tilknytning til den eldre saga. Hovudpersonen bur for det meste i Gisnadalen i Oppdal/Rennebu. Boka er kalla ein epilog til Dovresno-serien (Dalgard 1970, som, til liks med Nilsen 2007, har framifrå samandrag og kommentarar til det som skjer i alle seks bøkene).

Førsteutgåvene

- Krokann, Inge 1929. *I Dovre-sno*. 279 s. Gyldendal norsk forlag. – her stundom forkorta ID(29) – Andre opplaget, 1930 (uendra opptrykk)
- 1931. *Gjenom fonna. I*. 228 s. Gyldendal norsk forlag. – stundom forkorta GF/I(31)
- 1931. *Gjenom fonna. II*. 267 s. Gyldendal norsk forlag. (i same bind som førre, separat pag.) – stundom forkorta GF/II(31)
- 1934. *På linfeksing*. 269 s. Gyldendal norsk forlag. – stundom forkorta PL(34)
- 1941. *Under himmelteiknet*. 368 s. Gyldendal norsk forlag. – stundom forkorta UH(41)
- 1952. *Gravlagt av lynet*. (sjå nedanfor)

I alle førsteutgåvene er det fotnotar med ordforklaringar. I 1944-utgåva (sjå nedanfor) er desse forklaringane samla bakerst i *I Dovre-sno* og kalla Ordliste til romane, med separat paginering s. 1-8 (sjå: Botaniske og zoologiske namn og ord forklarar av Krokann, sist i denne innleiinga, s. 15).

Førsteutgåvene og 1944-utgåva er ikkje språkleg identiske. Krokann har gjort svært mange ortografiske endringar, ja, som det ser ut til etter mange tilfeldige stikkprøver i alle bøkene, ti eller fleire i gjennomsnitt på kvar einaste side (frå (4)7 til 17, og i så fall minst 12.000 til saman). Det er naturleg nok færrast endringar frå UH(41) (som kom tri år etter rettskrivingsreforma av 1938) til UH(44) (berre tri år etter førsteutgåva, men nokså uventa: kunne, skulle, ville > kunde, skulde, vilde). Det er såleis ikkje rett det Dalgard (1970: 107) skriv om endringar i denne utgåva: ”Så vidt eg har kunna sjå, finst det ikkje tekstbrigde i den samla utgåva

Plantar og dyr i Inge Krokanns Dovresno-bøker

frå 1943-44. (Heller ikkje stort anna rettskrivingsbrigde enn um, upp til om, opp.)” Det var lett å finne meir enn seksti ulike rettskrivingsbrigde og nokre få tekstbrigde (men dei er det neppe mange av). Også andre (i Bjørkum & Donali 1993) har kommentert språket hos Krokann utan å ta med førsteutgåvene, og nokre av slutningane er derfor ufullstendige.

Her er nokre tilfeldige døme på endringar: Samanlikning frå GF/II(31) > GF/II(44) s. 136 med 15 endringar: 2 x vīta > veta, hadde lote biti > hadde loti biti, tridje > tredje, flutte > flytte, 3 x um > om, skyna > skjønna, burt > bort, kjennsfolk > kjendsfolk, (ho) heimattkomen > heimattkomi, upp > opp, verta > bli, hadde kome > hadde komi. Han skriv òg gji-/kji-/skji-lydane annleis, t.d.: Gjīsna, Gjīs'n > Gīsna, Gīs'n; Hjerkjinn > Hjerkin, Kjinna > Kinna, og, i ID, GF/I og II og PL, skjikkele > skikkele og skjinna > skinna i direkte tale på oppdaling. I to slike setningar er det fire endringar, det er Magnill som fortel ein draum til Jo, UH(41) 221 > UH(44) 197: ”Minn > Men så stansa du knivin, og i såmå augblenk > augblink stana alt ikring de au. Og da vart e så redd at du itt skull vilja tok-åtatt > tåk-åtatt – e skjønna itt korleis e kunn kåmå > komå på slikt –, at e sett visst ti å skri'k, og så vakna e.”

Men han har også mindre stilistiske (syntaktiske) endringar, t.d. ”slutt for longe sia no” (ID(29) 9) > ”longe sia slutt no” (ID(44) 11) og ”Roald lyt verta med” (ID(29) 11) > ”Han Roald lyt bli med” (ID(44) 12). Éi kapitteloverskrift er endra, frå *Dis* i PL(34) 138 til *Gjenom blådis* i PL(44) 114. Det er liten første bokstav i danske substantiv i dei tri første bøkene, og stor i dei to neste – slik som i alle i 1944-utgåva. Til skilnad frå originalane har 1944-utgåva mange trykkfeil.

Å jamføre tekst er svært tidkrevjande, og det er usikkert kor mange endringar som gjeld botaniske og zoologiske ord. Førsteutgåvene kunne sjølvsagt vore nytta ved registreringa her. Men 1944-utgåva er mest utbreidd og lettast tilgjengeleg; og i og med at han har gjennomgått og revidert språket svært grundig, og arbeidd mykje med ordforklaringane, er ho eit originalt verk av Krokann. Det var vel også den versjonen han meinte skulle vera den endelege.

Bøkene som er bruka ved registreringane

- Krokann, Inge 1944. *I Dovre-sno*. 225 s. + Innhald [2 s.] + Ordliste til romanane, s. 1-8 [separat pag.]. Tredje opplaget, Gyldendal norsk forlag. – her stundom forkorta ID, unntaksvis ID(44)
- 1943. *Gjenom fonna. Fyrste boka*. 189 s. + Innhald [1 s.]. Andre opplaget, Gyldendal norsk forlag. – stundom forkorta GF/I
 - 1944. *Gjenom fonna. Andre boka*. 220 s. + Innhald [1 s.]. Andre opplaget, Gyldendal norsk forlag. I same bind som førre, separat pag. – stundom forkorta

- GF/II, unntaksvis GF/II(44)
- 1944. *På linfeksing*. 220 s. + Innhald [1 s.]. Andre opplaget, Gyldendal norsk forlag. – stundom forkorta PL
- 1944. *Under himmelteiknet*. 312 s. + Innhald [1 s.]. Andre opplaget, Gyldendal norsk forlag. – stundom forkorta UH, unntaksvis UH(44)
- 1952. *Gravlagt av lynet*. 203 s. + Innhald [2 s.]. Gyldendal norsk forlag. – stundom forkorta GL

Dei fem eigentlege Dovresno-bøkene er frå andre eller tredje opplaget, her kalla 1944-utgåva (sjølv om GF/I, merkeleg nok, skal ha kome i 1943), og i same format og trykk (39 liner per side, ca. 12,8 ord per line for fulle liner). Registreringane kan derfor samanliknast direkte. Bøkene er alltid siterte kronologisk etter årstalet for førsteopplaget. *Gravlagt av lynet* er frå første (og einaste) opplaget, og formatet er mindre (32 liner per side, ca. 10,2 ord per line, dvs. ca. 60 % så mange ord per side); det kan derfor bli etter måten fleire sidetal for ord i denne boka. Det kan nemnast at dei andre førsteutgåvene har same format som dette, men tettare skrift med 38 liner per side.

Om registreringane

Boklistene. Alle sidetal for dei fleste botaniske og zoologiske orda vart noterte første gong bøkene vart lesne. Etter denne nokså komplette registreringa kom nokre få ord med ved seinare lesingar. Eit ord kan finnast fleire stader på ei side, men dette har ikkje vore med i registreringa (t.d. *bjørn* 4 gonger, ID 21; *bjørk* 4 gonger, UH 199; *tre* 6 gonger, GF/II 215, men dette er svært sjeldne maksimumstal). Alle ord med alle sidetal finst i ei liste for kvar bok (dette blir seks slike botaniske og seks zoologiske boklister). Orda er ordna alfabetisk på hovudnamn, eventuelle undergrupper (merka ▸) er ordna alfabetisk under hovudnamnet, og enkeltorda alfabetisk der dei høyrer til. Ein finn òg opplysningar om alle avvikande skrivemåtar og nokre egne forklaringar. Meir om boklistene nedanfor.

Samlelistene. Sidetal for førekomst er summerte for kvart ord og kvar bokliste. Resultatet av summeringa er gjeve i éi samleliste for plantar og éi for dyr, og dette er sluttresultatet for denne undersøkinga. Talet bak boknamnet viser kor mange *sider* ordet er omtala på der, og summen for alle bøkene er lett å finne. Liksom i boklistene finst opplysningar om alle avvikande skrivemåtar og nokre egne forklaringar. Det er alfabetiske lister over alle hovudnamn, med deira undergrupper (her merka ●) og alle ord, på samme måte som i boklistene. Den zoologiske samlelista er gjennomført alfabetisk, mens den botaniske er delt i åtte grupper med alfa-

betisk presentasjon innan kvar gruppe. (Begge måtane har sine føremoner og ulemper som her blir prøvde; alfabetisk: lett å slå opp i, men namna i artsgruppene er skilde; systematisk: namna i artsgruppene er samla, men det blir fleire alfabetiske startpunkt). Meir om samlelistene nedanfor.

Når ein ser over dei lange listene, skjønar ein kor stor konkret og symbolsk plass plante- og dyrelivet må ha i Krokanns Dovresno-bøker.

Oppbygging av listene

Grunnlaget for registreringane er først og fremst Krokanns namn på *artar* av plantar og dyr, men når arten ikkje er sikker, også på kollektive nemningar, t.d. **byskj**, **gras**, **tre** (botanikk) og **dyr**, **fisk**, **flug** (zoologi). Absolutt alle ord som inneheld slike vidt definerte plante- og dyrenamn eller gruppenamn er tekne med, også stadnamn som har rot i namn på plantar og dyr, t.d. Bjørkom og Olderøyin (frå bjørk og older), og Bjønntèlinn og Ørmøya (frå bjørn og orm). Også særnamn på dyr, folk og plantar er med, t.d. kunamna Falklin og Fébru, folknamna Torbjørn (bisp) og Dännålibj’nn, og trenamna Daurogna og Ølmo’lIn (berre i dativ). Dersom namnet i dag synest å innehalde nemningar for plantar eller helst dyr, er dei med, jamvel om dette kan vera feil etymologisk (det er ikkje alltid lett å vita), sjå t.d. kommentar til namnet Bjøndalen hos Donali (1979; Bjørndalen på kbl. 1520 III Oppdal; Bjønnda’In o.l. hos Krokann).

Ofte har språket fleire ord/namn for ein art, t.d. gråbein, gråtasse, ulv og varg. Det same gjeld for kjønn og utviklingsstadium hos dei fleste husdyr, t.d. geit, bakk og killing. Da er eitt av orda vald til **hovudnamn** etterfølgd av dei underordna namna i alfabetisk rekkefølge, hovudnamnet er alltid utheva. Fleire namn innan same art eller artsgruppe er alltid handsama slik. Det finst eigne alfabetiske oversikter over undergruppene (s. 44 og 76); i listene er dei noterte som for ulvedømet:

I dei seks boklistene for dyr:

ulv ►gråbein ►gråtasse ►varg

I samlelista for dyr:

ulv:

- gråbein
- gråtasse
- varg

Nokre oppslagsord er like og er nummererte, det er t.d. tri slag kalvar: **naut** ►kalv (I), **elg** ►kalv (II) og **rein** ►kalv (III).

Ein del interessante ord for spesielle dyr er også registrerte, og dei er førde som undergrupper på vanleg måte. Det gjeld **bjørn** ►hi (I), **buskap** ►fjøs, **fugl**

►fjør ►veng, **hest** ►stall, **orm** ►eiter og **rev** ►hi (II). Hesten er det desidert mest omtala dyret, og har utruleg nok 16 undergrupper (+ ►stall): **hest** ►bork ►fole ►føl ►gamp ►jalk ►linfeksing ►merr ►skarre ►skjute ►sote ►teming ►tobbe ►tråvar ►vetle ►vettring ►øyk. Dette viser kor spesiell og viktig hesten var i det gamle bondesamfunnet Krokann kom frå, og det kan altså lesast direkte ut frå språkleg terminologi. ”For både Roald og Stingrim gjeld det at forholdet til hesten er minst like viktig som forholdet til kvinnene.” (Foss 1993: 110). Dagens yngre oppdalingar kjenner truleg få av desse spesialorda. Men det er meir interessant, særleg med omsyn til dyr og spesielt hesten. Det er namn på kroppsdelar, køyrety, selety osb., og eit utal folk rid frå og til heile tida. På svært mange boksider er hesten til stades eller ventar i bakgrunnen utan at nokon av orda som er registrerte her finst. Tenk berre på all riding til og frå Nidaros, og på langferdene med hest til Oslo og ’Hamn’. Folk rid og køyrer til Vangskyrkja, og ved alt som der skjer ventar flokkar av hestar utanfor. Om julkøyring til kyrkja skriv Rise (1947: 214): ”Det var smått med stallrom åt hundretals sveittkøyrtte dyr i midvinterskalden.”

For plantane er det etter måten fleire tilleggsregistreringar, så som plantedelar (t.d. bar, blad, bork og bær, sjå **tre**), produkt (t.d. spik, timber, tjuru og tyri, sjå **fur**) og typiske veksestader (t.d. li, mo, mork, rust, skog og ås, sjå **tre**). Fire vanlege hovudnamn får på den måten mange registreringar, og er derfor delte i to eller fleire underkategoriar; det gjeld **fur** [A: planten] [B: produkt], **tre** [A: planten] [B: veksestad], **gras** [A: planten] [B: veksestad] og **bygg** [A: planten] [B: dyrking] [C: kornet] [D: kornprodukt] [E: brygging]. Kvar av desse blokkene har sine undergrupper (t.d. **gras** [A: planten] ►fôr ►høy ►hå ►stakk ►strå). Men når det ikkje er så mange registreringar, er ikkje plantedelar eller veksestader spesifiserte som underkategoriar, men tekne som vanlege undergrupper. Dette gjeld følgjande hovudnamn (i parentes tal på undergrupper; p = plantedel, v = veksestad): **alde** (1p), **bjørk** (4p), **eine** (1p), **hagebær** (1v), **klunger** (2p), **vidje** (3v), **torv** [-|mose] (1v), **gaulskinn** (1v), **mose** (II) (2v) og **tre|ann der synna-te** (1v).

Alle ord, unnateke særnamn av substantiv, er tilbakeførde til grunnforma: substantiv til ubunden form eintal; adjektiv til positiv; og verb til infinitiv – med unntak av perfektum partisipp (bruka adjektivisk), som er ført opp for seg og merka ’[part.]’.

Enkeltorda er ordna i fast rekkefølge både i bok- og samlelistene; dersom ord frå eitt eller fleire av punkta manglar, går ein sjølvsgt vidare:

1. hovudnamnet (t.d. **bjørk**, nytta som døme her). I *boklistene* følgjer deretter eitt eller fleire sidetal (men følgd av ’:’ viss det ikkje er registreringar på grunnordet). I *samlelistene* følgjer dagens standardnamn

Plantar og dyr i Inge Krokanns Dovresno-bøker

- {i slike klammer} dersom Krokanns namn avvik frå dette, og for plantar og sopp deretter det vitskaplege (latinske) namnet i *kursiv*. Krokanns namn er alltid bruka som hovudnamn sjølv om dei avvik frå dagens offisielle namn; eit register har kryssreferansar.
2. samansette ord med direkte samansetjing [t.d. **bjørk**: ’-rand’ (da skrive ’bjørkrand’ hos Krokann), ’-kvist’ (da skrive ’bjørk-kvist’ hos Krokann)]; merk desse to typane bindestrek, som er bruka alle stader for slik markering av skiljet millom udelte og delte ord når det er avstand millom orddelane; det er felles alfabetisering for dei to typane. Dersom denne delen av ordet er kursivert, er ordet eige hovudnamn [ingen for bjørk, men t.d. **fur**: -*skjegg* (= laven **furuskjegg**)].
 3. samansette ord med bindelekk [t.d. **bjørk**: ’-e/skog’ (da skrive bjørkeskog hos Krokann)]; merk måten dette er notert på. Når ordet er delt, blir det også vist [ingen for bjørk, men t.d. **fisk**: -e/-skute (fiske-skute hos Krokann)]. Andre bindebokstavar er -a/-, -ar/-, -s/- og -je/-; viss det er fleire under same hovudordet kjem dei i alfabetisk rekkefølge (sjå t.d. **fisk**, s. 63).
 4. ord som inneheld, men ikkje byrjar med hovudnamnet (t.d. ’hardbjørk’ og ’klovi-bjørk’); felles alfabetisering for udelte og delte ord. Dersom eit slikt ord, eller delar av ordet, er kursivert, er det som er i kursiv eige hovudnamn, døme under **bjørk** er *dvergbjørk* og *kvitlegg-bjørk* [og på delar av ord t.d. **byskj**: *olderbyskj* – der dette ordet finst att som **older**: -byskj].
 5. verb med grunnordet i, alltid i infinitiv (19 botaniske og 9 zoologiske, t.d. ’**fur** [B: produkt] ➤lunn: å lunne’ [Krokann har preteritum: lunna]).
 6. ord som ikkje inneheld hovudordet, men som kjem dit dersom dei skal méd (t.d. **bjørk** ➤never: ’bork [bjørk|-]’ og ’løyping’); få gonger i listene, men kunne gjerast meir omfattande (sjå s. 45 og 77).
 7. særnamn (t.d. ’Bjørkmóom’; merk at dei, og ingen andre, alltid er skrivne med stor første bokstav; unntaket som stadfester regelen er bregnen Ola-skjegg, der namnet viser til St. Olav).
 8. gjeld samlelistene, der det til slutt ofte er vist til andre relevante hovudord, og for **bjørk** til: ’*dvergbjørk*, *kvitlegg-bjørk*, ... [s.d.]’.

Det kan vera eitt eller mange ord av kvar type under kvart punkt; men det er ingen hovudord som har med alle desse punkta; med **fisk** som døme kan det visast slik:

- (1) fisk: (2) -von/–greie, (3) -e/tur, (4) røytfisk/ stor-fiske, (5) å fiske, (6) [÷ ord utan fisk i], (7) [÷ særnamn], (8) *aure*, *kveite*, ... [s.d.]

Først eit døme på oppsett frå *boklista* for *Gjenom fonna I*: hovudnamnet **buskap** finst på éi side med ein kommentar i klammer, så følgjer tri undergruppenamn med tilhøyrande sidetal, ord, og kommentarar. Det er semi-

kolon millom orda og komma millom tala.

- buskap** 113 [’av stort og smått’];
➤fe 34; Fébru 49 [ku];
➤fjøs 41, 49, 124; -tak 65; -tid 29; sumarfjøs 12 [såmår|-];
➤krøter 71, 97 [krytyr], 113

Dette oversiktlege arbeidsoppsettet er komprimert for å spare plass:

- buskap** 113 [’av stort og smått’]; ➤fe 34; Fébru 49 [ku]; ➤fjøs 41, 49, 124; -tak 65; -tid 29; sumarfjøs 12 [såmår|-]; ➤krøter 71, 97 [krytyr], 113

Så døme på oppsett frå *samlelista* med det same hovudnamnet; alle registreringane for dette og éi undergruppe er med, elles ingen. Alt frå boklista for GF/I skal finast att med ord, kommentarar og summerte sidetal, og er understreka her. Det er komma millom bøkene.

buskap I Dovre-sno 5, Gjenom fonna I 1 [’av stort og smått’], Gjenom fonna II 3, På linfeksing 4, Under himmelteiknet 3

brandut-buskap Gjenom fonna II 1 [hos huldra]

Skarses-buskapen På linfeksing 1

• **fe**

• **fjøs** I Dovre-sno 5, Gjenom fonna I 3, Gjenom fonna II 5, På linfeksing 3, Under himmelteiknet 7, Gravlagt av lynet 7

–**klæde** Under himmelteiknet 1

–**krøpp** På linfeksing 1, Gravlagt av lynet 1

–**raut** Under himmelteiknet 1

–**tak** Gjenom fonna I 1, På linfeksing 1

–**tid** Gjenom fonna I 1

–**vegg** Gjenom fonna II 1

geitfjøs Gravlagt av lynet 1

nyfjøs Gravlagt av lynet 2 [1: -y|-f-]

saufjóstak På linfeksing 1

sumarfjøs Gjenom fonna I 1 [såmår|-], Gjenom fonna II 2, Under himmelteiknet 1

• **hjord**

• **krøter**

Opplysningar bak sidetalet [i klammer] gjeld stort sett avvikande ortografi hos Krokann sett opp mot det valde standardordet. Så finn ein òg små kommentarar til ordet, og korte sitat av to slag (sjå straks). Teiknet ’|’ markerer skiljet millom delar av samansette ord, og stundom millom ordrot og bøyingsendingar.

Når eit sitat frå Krokann står i ”doble hermeteikn” er sitatet einaste grunnlaget for oppføringa, og det ordet sidetalet står bak finst ikkje hos Krokann (på den aktuelle staden). Slike hermeteikn er aldri bruka elles i listene. Døme: (1) blåsymre er lett å forstå; (2) Krokann har *teinen* som ord i GL 195, og det er opplysning nok